

## **Høyringssvar oppdrag 2-3**

Det er løfta fram utfordringar som er viktige å ta tak i og det er fint at organisasjonen går inn i ein prosess der ein kan utvikle gode løysingar for å kvalitetssikre tenesta og levere på oppdraget vårt. Vi vil i dette høyringssvaret ha fokus på oppdraget og organisasjonskulturen. Vi har også nokre øvrige kommentarar til det som kjem fram i høyringsdokumentet:

Vi ønsker at det klargjerast kva som er plana for det vidare arbeidet med regionalisering. Det vil vere hensiktsmessig med meir informasjon om korleis denne prosessen skal gjennomførast. Kanskje det bør vurderast om ein skal køyre ein pilot.

### **Fokus på oppdraget – svartala går ned. Kva kan vi gjere for å lage rom for fleire gode samtalar?**

Oppdraget og formålet med prosessen er klar og vi treng difor å avklare kva som skal til for at vi skal kunne svare fleire som har behov for ein samtale med oss. Regionalisering er her løfta fram som ein verkemiddel i denne prosessen, men det framstår uklart korleis dette skal føre til eit løft for svartala våre. Vi etterspør vurderinga/utredninga som er gjort for å komme fram til at regionalisering er løysinga på denne problemstillinga.

Eit konkret forslag: Kanskje bør vi sjå nærmare på tidslinja i samtalemetodikken? Bør vi bli meir tydelege og korte ned rettleiande lengd på visse samtalar?

### **Utbetring av organisasjonskultur – korleis framstå som ein felles organisasjon?**

I høyringsdokumentet kjem det fram at rapporten til Askjer har avdekt at vi har utfordringar med å framstå som ein felles organisasjon. Det vil vere viktig å lage strukturar som fremmar samarbeid slik at vi kan bygge oss saman til eitt.

Ein struktur som fungerer godt for samarbeid i dag er rettleiarforum. Denne måten å organisere oss på kan kanskje ha overføringsverdi til andre områder i Kirkens SOS. Rettleiarforum sørger for at rettleiing blant anna skjer etter ein felles praksis på tvers av sentra som sentra er samde om. Slik kan vi oppretthalde faglege nasjonale standarar og gje fagleg støtte og inspirasjon på tvers av sentra. Sjølvé strukturen bidreg til leiarforankring, fagleg forankring og forankring i dei ulike sentra. Kan vi ha behov for fleire faglege fora for å sikre at oppgåvene ivaretakast når stabane opplever seg sårbare? Ut i frå tilgjengeleg informasjon er det også her usikkert om regionalisering er løysinga.

### **Konklusjon:**

- Fokusere på oppdraget – kartlegge kva som skal til for å kunne gjennomføre fleire gode samtalar
- Utbetre organisasjonskulturen - fremme samarbeid og byggje oss saman til ein felles organisasjon

Vh.

Fagavdelinga